



Camilla Myklebust får bilen av redaktør Håvard Sætrevik onsdag (Foto: Grenda)

**Camilla Myklebust (29) frå Uskedalen vart onsdag den lukkelege eigar av Grenda-bilen, ein super-rød Toyota Aygo til ein verdi av 130.000 kroner..**

Gevinsten var sett opp som markering av at det no er 60 år sidan Olav Aurvoll starta Grenda.

Eigentleg var det Camilla sin far Ole Anton som vart trukke ut mellom abonnentane, men han valte straks å gje bilen til dottera

Camilla slår fast at bilen kom som bestilt ettersom ho har ein gamal bil som skal komdemnerast etter EU-kontrollen no i oktober. Difor har ho tenkt mykje på bilsituasjonen sin.

- Eg vart heilt i sjokk då eg fekk meldinga, seier ho til Grenda i dag.

Camilla er no barnehagevikar, men er først og fremst kjend for si vakre røyst som har gjort henne til ein lovande songar. I sommar 'slapp' ho ei song-samling på heimebane..

Av Ola Matti Mathisen